



# HEMSEDAL KOMMUNE



**Flaggereglement for flagging ved  
kommunale bygg og eigedomar i  
Hemsedal kommune**

**Vedteke 30.11.22 i Kommunestyret, sak 111/22**

## 1. Lovgrunnlag

- «Lov om Norges flag» (Flagglova) datert 10.12.1898. Lova fastset utsjåande på flagget og bruken av dette.
- «Forskrift angående bruk av statsflagget og handelsflagget» datert 21.10.1927, sist endra 03.12.2004. Forskrifta fastset nærmere reglar for bruk, mellom anna offisielle flaggdagar og når flagget kan heisast og firast.
- «Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger» datert 29.06.1933, sist endra 04.06.2021. Forskrifta fastset kva flagg som kan nyttast ved offentlege bygningar.
- «Forskrift om adgang til i særlige tilfelle å benytte fremmed lands flagg ved siden av det norske flagg på kommunale offentlige bygninger» datert 06.07.1933.

## 2. Det norske flagget

Det norske flagget finns i to utgåver; statsflagget og handelsflagget. Statsflagget er splitta, og blir berre brukt av statlege institusjonar. Handelsflagget vert rekna som nasjonalflagget. Dette er rektangulært med storleiksorden 8:11.

Nasjonalflagget er Noregs symbol og skal handsamast med respekt. Eit flagg skal ikkje røre ved bakken, klippast i eller tilsmussast på nokon annan måte. Når eit flagg vert bytta ut, til dømes fordi det er falma, skal flagget makulerast før restane av flagget vert kassert.

## 3. Tidspunkt for heising og firring av det norske flagg

Følgjer av flaggforskrifta av 1927 § 6:

*«Flagget heises i månedene mars til og med oktober kl. 08:00, i månedene november til og med februar kl. 09:00. Flagget hales ved solnedgang, dog ikke senere enn kl. 21:00 hvis solen går ned etter denne tid».*

## 4. Flagging på halv stang

Å flagge på halv stong vil seie at flagget først skal heisast heilt opp (heil stang), haldast der eit augeblikk, og så firast på «halv stong» - som er ein tredel ned frå toppen av flaggstonga. Ved gravferd skal det flaggast på halv stang inntil seremonien er avslutta. Når seremonien er avslutta, skal flagget heisast til tops og firast til vanleg tid.

## 5. Andre flagg, vimpler og banner

Kommunedirektør vert gitt mynde til å fatte avgjerd om flagging utanom offisielle flaggdagar. Det kan flaggast med nasjonalvimpel – det norske flagget med eller utan kors, i periodar.

Ein vimpel er definert som eit trekanta flagg der lengda er større enn høgda. Ein vimpel skal ikkje vere lengre enn 1/3 av flaggstongas lengde.

Det kan flaggast med arrangementsflagg og arrangementsbanner, dvs. flagg/banner med arrangementsmotiv eller logo, der det er naturleg å profilere eit arrangement eller ein arrangør når dette er knytt til eit særskild arrangement.

Eit banner skal i hovudsak henge loddrett ned langs flaggstonga med største lengde langs flaggstonga.

Vimplar og banner kan henge oppe utan tidsavgrensing, dvs. heile natta og i heile den aktuelle perioden. Det same gjeld for andre godkjente arrangementsflagg.

## 6. Offisielle flaggdagar

Dei offisielle flaggdagane følgjer av flaggforskrifta § 4.

De offisielle flaggdager er:

|                  |   |
|------------------|---|
| 1. januar        | 1. nyttårsdag                                 |
| 21. januar       | H.K.H. Prinsesse Ingrid Alexandras fødselsdag |
| 6. februar       | Samefolkets dag                               |
| 21. februar      | H.M. Kong Harald Vs fødselsdag                |
| 1. mai           | Offentlig høytidsdag                          |
| 8. mai           | Frigjøringsdagen 1945                         |
| 17. mai          | Grunnlovsdagen                                |
| 7. juni          | Unionsoppløsningen 1905                       |
| 4. juli          | H.M. Dronning Sonjas fødselsdag               |
| 20. juli         | H.K.H. Kronprins Haakon Magnus' fødselsdag    |
| 29. juli         | Olsokdagen                                    |
| 19. august       | H.K.H. Kronprinsesse Mette-Marits fødselsdag  |
| 25. desember     | 1. juledag                                    |
| <i>Bevegelig</i> | 1. påskedag                                   |
| <i>Bevegelig</i> | 1. pinsedag                                   |
| <i>Bevegelig</i> | Dagen for Stortingsvalg                       |

*Figur 1.*

På alle offisielle flaggdagar skal det i Hemsedal kommune flaggast på følgjande stader:

- Kommunehuset
- Bygdaheimen
- Hemsedal barne og ungdomsskule
- Tuv skule
- Ulsåk skule

Flagging ved Tuv skule og Ulsåk skule fell bort ved skulesamanslåinga.

## 7. Andre flaggdagar

På valldagen for Stortingsval og kommunestyre- og fylkestingvalet skal det flaggast på kommunehuset.

Det kan flaggast med nasjonalflagget ved høgtidelege og festlege høve innan nasjonen eller kongehuset, og ved offisielle besøk av medlemmar av kongehuset. Det kan også flaggast når dette reknast som særleg viktig eller nødvendig, Jf. Flaggforskrifta § 4.

Kommunedirektør tek avgjerda om flagging i slike tilfelle.

## 8. Flagging når arrangementet har allmenn interesse

Kommunedirektør tek avgjerda om kva arrangement som er av allmenn interesse, irekna kvar og når det skal flaggast. I samanheng med arrangement av allmenn interesse, kan det flaggast med andre flagg og banner enn det norske flagget. Kvalitet og utforming av arrangementsflagg og banner skal godkjennast av Kommunedirektør på førehand.

## 9. Flagging ved gravferd

På Kommunehuset kan det flaggast på halv stong ved gravferda til:

- Noverande og tidlegare ordførarar
- Noverande kommunestyrerepresentantar

Ved bortgong av neverande elevar avgjer skula sjølv om det skal flaggast på halv stong. Ved bortgong til neverande tilsette i kommunen avgjer tenestestaden der vedkommande var tilsett sjølv om det skal flaggast på halv stong. Når ein bebuar ved Bygdaheimen går bort, tek Bygdaheimen sjølv avgjersla om det skal flaggast på halv stong.

I tillegg skal det flaggast på halv stong dersom det er gitt nasjonale føringar om dette.

Kommunedirektør avgjer flagging om det ligg føre andre særskilte omstende som gjer det naturleg.

## **10. Flagging etter avtale/søknad**

Om ulike arrangørar ønsker å bruke kommunale flaggstenger i samband med arrangement og markeringar, må det hentast inn løyve frå kommunen i god tid før arrangementet. Dette gjeld uansett kva slags flagg/vimpel/banner arrangøren ønsker å nytte. Flaggforskrifta må følgjast ved flagging med nasjonalflagget. Kommunale flaggstenger kan ikkje nyttast til reklameflagg. Avgjerdsmyndigkeit er delegert til Kommunedirektøren.

I dei tilfelle der ein får inn fleire søknadar for flagging på same sted til same tid, vil den som søker først normalt få fortrinnsrett.

Som hovudregel skal alle meirkonstandar dekkast av arrangøren om ikkje anna er avtalt på førehand.